

ÅRSMELDING

For Herdla kyrkjelyd

2012



Biskop Halvor Nordhaug har utforma ein visjon for Bjørgvin bispedøme
Den lyder slik:

**”Saman vil vi ære Den treeinige Gud –
ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.”**

Årsmelding for Herdla kyrkjelyd 2012

Herdla sokneråd har hatt følgjande samansetning i 2012:

Leiar	Karen Skråmestø
Nestleiar	Kjellaug F. Eidsaa
Skrivar	Helge Heggernes
Medlem/fellesråd	Kjell L. Berland
Medlem	Martin Berland Øystese
Medlem/fellesråd vara	Jonas Bratli
Sokneprest/Medlem	Astrid Marie Haugland

Varamedlemar:

1 vara	Therese Balestrand Ellingsund
2 vara	Arvid Kåre Merkesvik
3 vara	Nina Osberg Fauskanger
4 vara	Bente Sture Breivik
5 vara	Reidun Sætre Antonsen

Kasserar Ivar Eidsaa (ikkje medlem)

Dette året har soknerådet hatt 13 møter og behandla 66 saker i tillegg til diverse meldingar. Sakene går som tidlegare år ofte ut på å planleggje gudstenestene, plassere særskilte gudstenester som 4- og 6-årsgudstenester, 50 års konfirmantjubileum, lys vaken-gudsteneste, lysmesse og anna. Vi får mange offersøknadar og vi må finna ut kven som skal tildelast takkeoffer. I samarbeid med organisten har vi fått med ein del song og musikkrefter på einskilde gudstenester.

Arbeidet med ny gudstenesteordning har teke mykje av tida til soknerådet, særleg på haustparten, og vi måtte ha fleire ekstramøte for å halda tidsfristen.

Gudstenestedeltakinga :

Som tidlegare år går soknerådet gjennom gudstenestene vi har hatt sidan siste møte, og planlegg vidare gudstenester saman med soknepresten. Det er positivt med innslag av song og musikk i gudstenestene. Etter dei fleste gudstenestene har vi hatt kyrkjekaffi bak i kyrkja. Sjølv om det manglar mykje både av utstyr og plass bak i kyrkja, verkar det som om kyrkjefolket tykkjer det er kjekt å stogga eit bel, prate med kvarandre, og drikkja ein kopp kaffi/te med litt å bita i attåt. Vi har laga plan for kven som har ansvar for kyrkjekaffien kvar søndag.

Oppmøtet til gudstenestene er litt høgare enn siste år.

For dei som ikkje kan kome til kyrkja med eiga hjelp, er det oppretta kyrkjeskys.

Kjell L. Berland har sagt seg villig til å vere sentral for formidling av skys til kyrkja.

Nøkkeltall frå statistikken 2012

	Herdla			Heile Askøy			
	2010	2011	2012	2009	2010	2011	2012
Innmeldte	0	1	0	4	9	9	4
Utmeldte	2	1	3	48	46	26	35
Døypte	47	34	36	312	266	289	275
Konfirmerte	27	28	31	280	295	268	315
Vigde	9	13	9	37	47	50	42
Gravferder/seremoniar i kyrkjene	21	21	18	160	161	145	143
Gudstenestedeltakarar, søndag*)	3627	3061	3220	25103	23954	24977	25147
Gudstenestrtdeltakarar, alle gudstenester	3759	3332	3913	32561	32514	30347	30821
Gj.snitt frammøte søndag*)	106,6	102	111	128,9	159,4*	131,4	139,7
Gj.snitt frammøte alle gudstenester	79,9	74	78,2	80,5	97,6	96,6**	102,4
Nattverdgjester	719	595	528	5306	5296	5459	5169
Gjennomsnitt nattverdgjestar	26,6	19,8	17,6	25,8	26,0	28,5	28,4
Konsertar, deltakarar	735	649	388	3234	4508	4675	3360
Offer, innsamlingar	119234	136335	144250	825.629	1096.501	1064.386	1063813

*) tala er ikke samanlignbare med 2009. Då blei f.eks. alle konfirmasjonsgudstenestene rekna som søndagsgudst, også dei som blei halde på lørdag. Ikkje slik for 2010 og 2011.

Lørdagskonfirmasjonane er rekna inn i talet for "Heile Askøy, Gj. snitt frammøte i 2010 (merka med raud skrift). Dette er ikkje gjort i 2011".

**) Her blir bl.a. institusjonsgudstjenester med nattverd rekna med. Det var færre skolegudstjenester. Dette trekkjer gjennomsnittet ned.

Arrangement i Herdla kyrkjelyd:

Det har vore 50 gudstenester i kyrkjelyden. Mellom anna:

- Fastegudsteneste m/nattverd ein onsdagskveld i fastetida
- Gudsteneste skjærtorsdag m/nattverd og kveldsmat i kyrkjelydshuset etterpå
- Tårnagent-helg for 8 åringar. (12 deltakarar)
- Felles gudsteneste med dei andre kyrkjelydane på Askøy 1. pinsedag, med grilling og fellesskap ved kyrkjelydshuset etterpå.
- Utegudsteneste v/Herdla museum på Skaparverkets dag der det vart sett fokus på skaparverket, miljø og rettferd.
- Samtalegudsteneste for konfirmantane.
- 6-års gudsteneste.
- Konfirmasjonsgudstenester.
- 50 års konfirmantmarkering med gudsteneste og fest i kyrkjelydshuset etterpå.
- Gudsteneste på eldredagen. (diakoniens dag) Eldrefest med middag og kaffi i kyrkjelydshuset der medlemar i kyrkjelyden over 70 år var spesielt invitert.
- Gudsteneste allehelgensdag. Her vart alle nære pårørande etter dei som har gått bort, spesielt invitert. Dei som har gått bort vart minna og det vart tent eit lys for kvar einskild.
- Gudsteneste med innskriving av dei nye konfirmantane.
- 4-års gudsteneste.
- Lys vaken gudsteneste. (18 deltakarar)
- Lysmesse med presentasjon av nye konfirmantar.
Også i år hadde vi lysmesse etter gammal tradisjon ved presentasjon av onfirmantane. Dette var ei svært stemningsfull gudsteneste der alle konfirmantane var deltakarar med lysbæring, tekstlesing, tenning av den sjuarma lysestaken og tenning av adventskransen. Det var og musikkinnslag av tidlegare konfirmantar. Stor takk til organist Terje Haugom og klokkar Rune Øystese som stod for program og innøving. Vi får mange positive tilbakemeldingar på dette arrangementet.
- Familiegudsteneste julaftan.
- Høgtidsgudsteneste 2. juledag.
- Gudsteneste på Fromreide eldresenter ein gong i månaden med kaffi og noko attåt.

Andre arrangement:

- ”Pusterom” med diakonen.
- Fasteaksjon der konfirmantane er bøssebærarar for Kirkens Nødhjelp.
Tysdag før palmesøndag gjekk dei frå dør til dør og samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Her gjorde dei ein stor innsats og samla inn kr 27 130.-.
- Kveldsmat i kyrkjelydshuset etter gudstenesta skjærtorsdag.
- Sommarbasar i kyrkjelydshuset.
- Open kyrkje kvar søndag ettermiddag i sommarhalvåret.
- Misjonsforeining.
- Diakoniutval i Herdla: Medlemar: Kjellaug Fauskanger Eidsaa og Reidun Håpoldøy saman med diakonen.
- Markering av årsdagar. Dette året var det 7 personar som fekk blomsterhelsing på 90-årsdagen, og ein på 100-årsdagen.
- Konfirmantane deltok i mange av gudstenestene. Med tekstlesing, inngangsprosesjon og lystenning under dåpen.
- Dåpsskole for 1. - 3. klassingar (10 deltakarar)

Nytt dette året var:

- Ny gudstenesteordning.
Kyrkjemøtet vedtok at det skulle innførast ny gudstenesteordning og ny liturgi i løpet av 2012. Soknerådet har hatt mange rundar med å godkjenne og tilpasse den nye liturgien til kyrkjelyden vår. På ettersommaren var vi kome så langt at vi kunne prøve ut deler av liturgien. Det første vi prøvde ut var dåpsliturgien. Etter kvart har vi utvida litt etter litt med andre deler av liturgien.
Den nye liturgien vil krevje stor innsats frå mange. Den legg vekt på deltaking frå kyrkjelyden, og vi treng frivillige medarbeidarar.

Kyrkjelydshuset:

I 2012 har huset vore utleigt ein del, og blitt brukt til ulike samlingar, mellom anna dåp og gravferd.

Soknerådet arrangerte i juni ein basar, der inntekta vart delt mellom soknerådet og arbeidet til Leif Heggernes i Senegal.

Soknerådet har fått tilbod frå kommunen om å bruke kyrkjelydshuset slik det no er inntil vidare. Vi arbeider med å finne løysing med nytt kyrkjelydshus i nærleiken av kyrkja.

Arbeidet framover:

Arve Hansen Haugland vil saman med Martin Øystese starte opp ei KRIK gruppe på Træet skule.

I 2013 er Herdla kyrkje 150 år. Dette skal feirast i slutten av november, som er nær vigslingsdagen i 1863. Ein komité som er oppnemnd av soknerådet, er godt i gang med å førebu jubileet. Komiteen har engasjert Anders Bjarne Fossen til å skrive ei jubileumsbok om Herdla kyrkje gjennom 900 år.

Årsmelding 2012, Herdla kyrkjelyd, diakonen.

Askøy har ein diakon i 100 % stilling. Det seier seg sjølv at med 5 kyrkjelyder og ein stor vekst i folketalet blir det ofte bare små drypp diakonen kan gjere. Diakonien er heilt avhengig av friviljuge medarbeidarar, og i dette arbeidet er m. a. diakoniutvala særst viktige. Dei som er med i diakoniutvalet i Herdla er: Kjellaug Eidsaa og Reidun Håpoldøy

Diakonen er med i utvalet når det er mulig/ønskeleg og ønskjer å være ein fagperson og inspirator for det arbeidet utvalet gjer.

Utvalet har laga diakoniplan for kyrkjelyden. Tidleg på vinteren var utvalet og diakonen med på eit møte i soknerådet der diakoni vart satt på dagsorden og planen vart revidert.

Diakonen sitt arbeid på Askøy vil alltid vera ei blanding av enkelttenester i dei 5 kyrkjelydane og tiltak som kjem alle kyrkjelydane til gode. Eg nemnar først tiltak som er felles for alle kyrkjelydane.

- Tilbod om gudstenester spesielt tilrettelagt for psykisk utviklingshemma. 4 gonger i 2012. Gudstenestene er i Erdal kyrkje. Invitasjon gjennom brev og vitjing i kommunale bustader.
- Sorggruppa som byrja i januar og held fram til mai. Eit samarbeidsprosjekt med psykisk helseteneste i Askøy og kyrkja.
- Utdeling av boka *Alt har sin tid*, av Per Anders Nordengen. Boka er kjøpt inn av midlar frå et legat, kr. 10.000 og støtte frå sokneråda, kr. 15.000. Boka vert gitt til næraste pårørande i sørgjesamtale etter eit dødsfall.

- Diakoniutvala i Askøy har alle ein representant i ei arbeidsgruppe der vi har hovudfokus på kyrkjelydens besøksteneste/ nye besøkjarar. Vi hadde 5 samlingar i 2012. Kjellaug Eidsaa er kyrkjelydens representant.
- Diakonen er med i eit tverrfagleg ressursteam i Askøy kommune. Dette er eit prosjekt leia av kreftsjukepleier. Målet er å gje kreftsjuke i Askøy eit vidt og tverrfagleg tilbod.
- Soknediakonen er Askøy sin representant i eit prostidiakoniutval. Der sit diakonane/diakoniarbeidarane i prostiet saman med prosten. 3 ettermiddagar/kveldar i november arrangerte vi PREP kurs, kommunikasjonskurs for par. Kurset fekk økonomisk støtte frå barne- og familiedirektoratet. Vi leia inn eksterne forelesarar og med ein pris pr. par på 1000 kr. held vi oss langt under det som er gjennomsnitt for slike kurs. 8 par deltok og tilbakemeldingane var svært gode. Utvalet arrangerte også temakveld om sorg og inspirasjonskveld for diakoniutvala i prostiet.

Av tenester som Herdla kyrkjelyd blir betjent med kan eg nemna følgjande:

- I april og i desember hadde vi Pusterom i Herdla kyrkje. Pusterom kjem inn under kategorien stillheits arbeid og er tenkt som det ordet seier, eit pusterom i ein ofte altfor travel kvardag.
- Diakonen var med på eit møte i soknerådet i februar der vi gjekk gjennom diakoniplanen og evaluerte denne.
- Diakonen laga brosjyre om gudstenester og andre aktiviteter i kyrkjelyden for vår og haust semesteret.

Ein stor del av diakonen si arbeidstid vert brukt til heimebesøk, samtaler, sjelesorg, institusjonsbesøk og soknebod. Nokon av dei som får vitjing vert følg opp over år, andre trengjer støtte i ein avgrensa periode av livet.

Askøy kommune er ein kommune med stor vekst og mange utfordringar. Dei diakonale utfordringane veks og. Diakonien ynskjer både sjå og gå inn i utfordringane, men veit samtidig at diakoniressursen vi har i kyrkja er liten. Diakoni er ei teneste for medmennesket, for skaparverket og for Gud. Utfordringane kan samanfattas i nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Ei stor takk til alle frivillige i Herdla kyrkjelyd som har tatt utfordringa til eit kvardagsliv i teneste

Diakonen hadde permisjon frå september til midten av desember. I denne perioden vikarierte Ragnhild Tangen i 60 % stilling som diakonimedarbeidar.

Strusshamn 11. februar 2013.
Jannicke Monstad Hana
Soknediakon

Årsmelding 2012 Herdla kyrkjelydspedagogen

Samarbeid kyrkje-skule/barnehage

Fauskanger skule sin 5. klasse fekk eit kurs i "Vandring gjennom Bibelen" oktober 2012, og Træet skule i november. På Træet var det Rune Øystese som besøkte klassen. Begge klasser fekk utdelt "Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga". Det er få elevar som ikkje tek del i dette opplegget, så i praksis kjem vi her i kontakt med meir enn 100% av dei som høyrer til kyrkja på dette årstrinnet.

18 elevar i Fauskanger skule sin tredje klasse hadde ein fin dag i kyrkja 1. juni, i lag med kyrkjetenar, organist, prest og kyrkjelydspedagog. Furehaugen barnehage kom til førjulsgudsteneste 7. desember. Træet barnehage har dei siste åra vore med på skulen sin juleavslutning, utan medverknad frå kyrkja. På Fauskanger varte det halde 2 skulegudstenester før påske, og ei skulegudsteneste før jul.

Trusopplæring

Vi held fram med å senda ut gåver og minner om dåpsdagen dei tre første åra til alle døypte som bur i kyrkjelyden, også born som er døypte andre stader, så sant vi finn dei i kyrkja sitt medlemsregister. Dei får eit bilete med ei bøn til eittårsdagen. Etter to år får dei ei spisebrikke og etter tre år ein CD. Vidare får alle tilbod om 4-års bok og 6-års bok.

Vi hadde utdeling av 6-års-bok 23/9 og utdeling av "Mi kyrkjebok" til 23 fireåringar på "Lys vaken"-gudstenesta første søndag i advent.

Det er flott at kyrkjelyden har dåpsvertar, som er med og gjer familiane som kjem for å døypa borna sine, eit godt møte med kyrkja.

Vi inviterte til kyrkja sin dåpsskule hausten 2012. Denne gongen valde vi å ha samlingar på ettermiddagstid, slik at born frå både Træet og Fauskanger kunne vera med. Vi inviterte born frå 1. – 3. klassetrinn. 6 born melde seg på, og nokre fleire kom til i løpet av dei seks gongane. Fauskanger bedehus med nyoppussa kjellarlokale var ei tenleg stad for dåpsskulen. Forutan sokneprest og kyrkjelydspedagog hjelpte Kjellaug Eidsaa til ved nokre av samlingane. Ho har og lært å kjenna og bruka "Gudsrikeleik"-metoden. Vi fekk også god kontakt med mødrene. Nokre av dei var til stades kvar gong.



I trusopplæringa er det viktig at borna kan ta del i arbeid som går føre seg gjennom heile skuleåret. Det er trufaste leiarar som gjer ein stor innsats i både søndagsskule- og yngresarbeid, utan at dette er knytt opp til soknerådet. Mange born får her oppleva ein kristen fellesskap. Dette er vi takksame for.

Av arbeidet som er retta mot born og ungdom, let ikkje alt seg dela i lokale einingar. Noko finn til dømes stad berre i Erdal kyrkje, av di ho ligg sentralt og har veileigna lokalar. Likevel inviterer ein frå heile Askøy. Både babysang- speidar- og tensing-arbeidet, leiarkurs for fjorårskonfirmantar mm må difor sjåast som ein del av alle kyrkjelydane sitt arbeid, som alle har ansvar for å oppmuntra til og å støtta.

Anne-Helene Gjengedal, kyrkjelydspedagog

Biskop Halvor Nordhaug har utforma ein visjon for Bjørgvin bispedøme
Den lyder slik:

**"Saman vil vi ære Den treeinige Gud –
ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd."**

For Herdla sokneråd

Karen Skråmestø